



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Rindal kommune

Tilsynsdato: 03.09.2015

Rapportdato: 05.10.2015

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING.....</b>	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING .....	7
<b>2</b>	<b>HOVUDINNTRYKK.....</b>	<b>8</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET .....</b>	<b>9</b>
3.1	AVVIK .....	9
3.2	MERKNADER .....	10
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING.....</b>	<b>11</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	03.02.2015 (formøte) 03.09.2015 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Rindalvegen 17, 6657 Rindal
<b>Kommunennummer:</b>	1567
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Gunnhild Strupstad
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Helge Mogstad
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	15.09.2015
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	05.10.2015
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	20.11.2015

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Rindal kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2014 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2014 og 2015.

#### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Oversikt dokumenter – kommunal beredskapsplikt Rindal kommune	18.08.2015
2.	Organisasjonskart Rindal kommune	15.08.2015
3.	Delegasjonsreglement Rindal kommune	21.11.2012
4.	Handlingsplan og økonomiplan 2015 – 2015	15.12.2014
5.	Oversiktskart Rindal kommune	25.08.2014
6.	Planstrategi for Rindal kommune 2013 - 2016	08.05.2013
7.	Kommuneplanens arealdel 2013 – 2022	27.06.2013
8.	Kommuneplanens arealdel 2013 – 2022 – møtebok KS	03.05.2011
9.	ROS – kommuneplanens arealdel 2015 - 2022	01.02.2011
10.	Kommuneplanens Samfunnsdel 2015 - 2015	24.06.2015
11.	Kommuneplanens Samfunnsdel 2015 – 2015 – møtebok KS	24.06.2015
12.	Områderegeringsplan Rindal sentrum	06.05.2015
13.	Områderegering Rindal sentrum – møtebok KS	06.05.2015
14.	Områdekart Rindal sentrum	06.05.2015
15.	Reguleringsplan Iglitjønna friluftsområde	24.05.2015
16.	Reguleringsplan Iglitjønna friluftsområde – møtebok KS	24.06.2015
17.	Områdekart Iglitjønna	24.06.2015
18.	Kartutsnitt Rindal sentrum	27.06.2013
19.	Kartutsnitt Tiset	27.06.2013
20.	Trafikksikkerhetsplan for Rindal 2012 – 2015	29.08.2012
21.	Trafikksikkerhetsplan for Rindal 2012 – 2015 – møtebok KS	29.08.2012
22.	Helhetlig ROS Rindal kommune – møtebok KS	06.05.2015
23.	Helhetlig ROS Rindal kommune – plan for arbeidet	00.05.2015
24.	Beredskapsplan for Rindal kommune	30.01.2015
25.	Beredskapsplan varslingsliste beredskap Rindal kommune	02.02.2015
26.	Prosedyre – varslingsliste beredskap Rindal kommune	02.02.2015
27.	Kriseteam – Retningslinjer ved alvorlige ulykker og krisesituasjoner ....	21.08.2014
28.	Kriseteam Rindal kommune – varslingsliste	21.08.2014
29.	Pandemiplan Rindal kommune	01.07.2009
30.	Smittevernplan Rindal kommune	20.04.2012
31.	Samarbeidsavtale beredskap – Rindal Sanitetsforening og Rindal kommune	31.01.2013
32.	Samarbeidsavtale beredskap – Rindal Røde Kors og Rindal kommune	13.05.2015

33.	Pårørendesenter – mottak av skadde personer	26.01.2015
34.	Beredskapsplan ved ulykker i barnehage og skole i Rindal kommune	09.08.2015
35.	Samarbeid om beredskap NIUA –Vedtekter	00.02.2010
36.	Beredskapsplan for akutt forurensing – møtebok KS	28.04.2010
37.	Notat - møtereferat beredskapsrådets arbeidsutvalg	03.09.2014
38.	Notat - møtereferat beredskapsrådet	21.08.2014
39.	Notat – møtereferat Nordmøre Heimevernsområde og Rindal kommune	18.03.2014
40.	Rapport Øving Fårikål 2012	26.09.2012
41.	Rapport Øving Fårikål 2013	28.10.2013
42.	Rapport Øving Fårikål 2014	01.10.2014
43.	Tilsynsrapport matsikkerhet – Rindal Helsetun	22.05.2015
44.	Tilsynsrapport og etterkommet vedtak om matsikkerhet – Rindal Helsetun	26.06.2015
45.	Tilsynsrapport skolekantina Rindal skole	06.10.2014
46.	Tilsynsrapport matsikkerhet Bolme barnehage	19.02.2015
47.	Prosedyre – Matsikkerhet barnehager Rindal kommune	11.05.2015
48.	Interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern – Rindal kommune	11.05.2015
49.	Rapport – badevasskvalitet Rindal kommune 2015	00.07.2015
50.	Revisjonsrapport svømmebasseng Rindalshuset	07.01.2015
51.	Revisjon – svar vedrørende svømmebasseng Rindalshuset	24.02.2015
52.	Rapport etter nytt godkjenningstilsyn Rindal barnehage	02.07.2015
53.	Rapport etter nytt godkjenningstilsyn Øvre Rindal barnehage	02.07.2015
54.	Rapport etter nytt godkjenningstilsyn Bolme barnehage	02.07.2015
55.	Prosedyre – sikring av uteområde Øvre Rindal skole og barnehage	31.01.2012
56.	Sjekkliste og risikovurdering (eksempel) – ballbinge Øvre Rindal skole og barnehage	10.08.2015
57.	Tilsynsrapport brann - Bolme barnehage	24.01.2013
58.	Tilsynsrapport brann - Rindal Helsetun	25.02.2013
59.	Tilsynsrapport brann - Rindal skole	26.02.2013
60.	ROS grunnvannskilde Rindal kommune	00.08.2002
61.	Grunnvannskilde kart 1 - Rindal kommune	00.08.2002
62.	Grunnvannskilde kart 2 - Rindal kommune	00.08.2002
63.	Vassledingsnett – sårbare punkter Rindal kommun	17.12.2014
64.	Vann- og avløpsplan – møtereferat	30.09.2009
65.	Varsel om oppstart av utarbeidelse av Hovedplan VVA Rindal kommune	Ikkje datert
66.	Prosedyre – kartlegging av fare for innsug og tilbakeslag	17.12.2014
67.	Kartlegging og risikovurdering – kartlegging av fare for innsug og tilbakeslag ...	27.09.2013

68.	Prosedyre - Kvalitetskrav drikkevann Rindal kommune	Ikkje datert
69.	Prosedyre - Forurenset drikkevann Rindal kommune	03.11.2014
70.	Prosedyre - Bruk av reservevannkilde Rindal kommune	17.12.2014
71.	ROS - uønskede hendelser drikkevann Rindal kommune	10.09.2013
72.	Tilsynsrapport - bekreftelse på etterkommet vedtak ROS-analyse vannverket ...	08.10.2013
73.	Reguleringsplan - Standard bestemmelser for avløpsrenovasjon hyttefelt	03.07.2007
74.	Beredskapsøvelser vannforsyning Rindal kommune	17.12.2014
75.	Rapport etter sjakting i Surna – fra NVE	26.03.2014

### 1.5 Gjennomføring

Formøte med Rindal kommune vart gjennomført 03.02.2015. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 03.09.2015. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Ola T. Heggem	Ordfører	X	X	X	X
Birgit Reisch	Rådmann	X	X	X	X
Gunnhild Strupstad	Beredskapskoordinator	X	X	X	X
Ola Sellie	Pleie- og omsorgsleder				X
Mari Wold	Kommuneoverlege				X
Kirsti Barbo Landsem	Varaordfører				X
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

## 2 Hovudinstrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viser at Rindal kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen har god forståing av status for beredskapsarbeidet – også forbettringspotensialet.

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt, godt forankra og godt tilpassa lokale behov. Beredskapsorganisasjon som er øvd og kommunen har rutinar for faste møte i kriseleiinga og beredskapsrådet.

Arbeidet med heilskapleg ROS-analyse er i startgropa, men ikkje ferdigstilt. ROS-analysen skal vere ferdig i løpet av 2016.

Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i forankra på strategisk nivå i kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategien.

Beredskapsplanverket er gjennomarbeidd (etter gamal mal), tilpassa lokale behov og oppdatert, men oppfyller ikkje kravet om å samordne og integrere andre beredskapsplanar i kommunen. Kommunen har planar/rutinar for øving. Systemet for opplæring er ei minimumsløysing.

Det er eit potensial for eit oversiktsdokument som kan fungere som bindeledd mellom strategisk plannivå og beredskapsdokumentasjon, og som oversikt over planverk og korleis kommunen skal arbeide (og arbeider) med samfunnstryggleik og beredskap.



### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. To forhold er kommenterte som merknader.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### **Avvik nr. 1**

Rindal kommune manglar heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

##### *Regelverkstilvising:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2.

##### *Utdjupande kommentar:*

Den heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysen er den viktigaste berebjelken i den kommunale beredskapsplikta. Kommunen er godt i gang med å utarbeide heilskapleg ROS-analyse i samsvar med forskriftskrava. Analysen er planlagt fullført i 2016.

##### **Avvik nr. 2**

Rindal kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje forskriftskravet om å samordne og integrere anna beredskapsplanverk i kommunen.

##### *Regelverkstilvising:*

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4, første ledd.

##### *Utdjupande kommentar:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt fastset i § 4 ei rekkje minimumskrav til beredskapsplanen sitt innhald og planen sin funksjon.

Beredskapsplan for Rindal kommune er den overordna beredskapsplanen for Rindal kommune. Verken denne planen eller andre dokument som er knytte til planen gir tilfredsstillande oversikt over det samla beredskapsplanverket i kommunen. Rindal kommune sin beredskapsplan oppfyller alle andre minimumskrav.

### 3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### **Merknad nr. 1**

Når den heilskaplege ROS-analysen ligg føre, bør kommunen gjennomføre ein gjennomgåande revisjon av heile beredskapsplanverket. Potensialet for samordning og forenkling er større enn behovet for nybrottsarbeid.

Det er særleg viktig å revidere planen for befolkningsvarsling.

#### **Merknad nr. 2**

Kommunen bør vurdere å utarbeide eit oversiktsdokument / styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Eit slikt dokument vil kunne imøtekomme det eine avviket og styrke fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:

- rutinar for faste møte i kriseleiinga og beredskapsrådet
- rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
- rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar

#### **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Ved spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan kommunen kontakte:

Stine Sætre, [stine.saetre@fylkesmannen.no](mailto:stine.saetre@fylkesmannen.no), 71258485 / 95224419,

eller Atle Morsund, [atle.morsund@fylkesmannen.no](mailto:atle.morsund@fylkesmannen.no), 71258484 / 40843772